

Arkivnr: 2019/10146-1

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019

Innspel til ny nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2023**Samandrag**

Kulturdepartementet har sett i gang arbeid med Nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2020-2023. Strategien skal gi oversikt over staten sitt ansvar og oppgåver for utvikling av offentlege bibliotek, og tiltak til støtte for kommunane sitt utviklingsarbeid. Heile biblioteksektoren med folkebibliotek, skulebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek skal sjåast i samanheng. Målet er å utvikle biblioteka vidare som relevante og viktige institusjonar i framtida, som skal bidra til folkeopplysning og danning for befolkninga.

Departementet etablerte i byrjinga av mars ei referansegruppe og inviterte deltakarane til å vere med på fire verkstader med ulike tema. Fylkeskommunane får vere med i tre av dei fire gruppene. Skriftlege innspel måtte sendast inn før 28.mars. På grunn av knappe tid, er ingen av innspela som er innsendt, frå politiske organ i i kommunar eller fylkeskommunar.

Nettverket av fylkesbiblioteksjefar har sendt inn eit innspel der det blir poengtert at i følge Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunane ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. For å støtte opp om dette bør ein ny nasjonal bibliotekstrategi gi tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og regionalt nivå skal ivaretakast i strategiperioden.

Kulturmeldinga frå 2018 understreker at eitt av måla med regionreforma, er å styrke samfunns- utviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal ha en bindeleddsfunksjon mellom stat og kommune, og det vert understrekt at ein når måla betre ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng. Det siste er særleg viktig på eit felt med så avgrensa ressurstilgang som bibliotek.

Fylkeskommunane har blitt invitert inn i arbeidet med den nye bibliotekstrategien på line med Oslofjordbiblioteka, storbybiblioteka og forskjellige ideelle foreiningar. Det er urovekkjande at departementet marginaliserer samhandlinga med regionane i eit så sentralt arbeid.

Det er ønskeleg at storbyane skrivast inn og ikkje ut av regionane. I Bibliotekstrategien 2015-2018 heiter det om fylkesbiblioteka at dei særleg er «... til nytte for mindre kommuner». Det er ingen andre styringsdokument som heimlar ei slik oppfatning. Fylka sin planmynde omfattar også byane på line med andre kommunar. Bibliotekvesenet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategien bør bidra til å forsterke koplinga.

Økonomi: Ingen relevans**Klima:** Ingen relevans**Folkehelse:** Ingen relevans**Regional planstrategi:** Bibliotek er del av Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

Forslag til vedtak

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gje tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål blir betre nådd ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng
3. Bibliotekfeltet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.04.2019

Kulturdepartementet har sett i gang arbeid med Nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2020-2023. Strategien skal gi oversikt over staten sitt ansvar og oppgaver for utvikling av offentlege bibliotek, og tiltak til støtte for kommunane sitt utviklingsarbeid. Heile biblioteksektoren med folkebibliotek, skulebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek skal sjåast i samanheng. Målet er å utvikle biblioteka vidare som relevante og viktige institusjonar i framtida, som skal bidra til folkeopplysning og danning for befolkninga.

Regjeringa la hausten 2015 fram Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Den nye strategien vil bygge vidare på grepa som er gjort, peile ut vidare innsats og konkretisere regjeringas bibliotekpolitikk for perioden.

Til grunn for strategien ligg følgjande formulering i Granavollplattformen: *Regjeringen vil satse på folke- og skolebibliotekene, blant annet gjennom å styrke arbeidet med digitale plattformer og nye modeller for drift av bibliotek.*

Kulturdepartementet gjennomførte innspelsmøte over heile landet i samband med kulturmeldingsarbeidet. Bibliotek var tema på alle møta, og det vart arrangert eit eige møte på bibliotekområdet i januar i 2018.

Departementet etablerte i byrjinga av mars ei referansegruppe og inviterte deltakarane til å vere med på fire verkstader med ulike tema. Fylkeskommunane får vere med i tre av dei fire gruppene. Skriftlege innspel måtte sendast inn før 28.mars. På grunn av knapp tid, er ingen av innspela som er innsendt, vore handsama i folkevalde organ i kommunar eller fylkeskommunar.

For å kunne gje tydelege signal frå fylkeskommunane koordinerte nettverket av fylkesbiblioteksjefer felles og førebels innspel. Det er dette som er utgangspunkt for saka som fylkesrådmannen legg fram til handsaming i fylkesutvalet. Politisk vedtak gjort i Hordaland fylkeskommune vert oversendt departementet.

I følgje Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunane ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. For å støtte opp om dette bør ein ny nasjonal bibliotekstrategi gi tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og regionalt nivå skal ivaretakast i strategiperioden.

Kulturmeldinga frå 2018 understreker at eitt av måla med regionreforma, er å styrke samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal ha en bindeleddsfunksjon mellom stat og kommune, og det vert understrekt at ein når måla betre ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng. Det siste er særleg viktig på eit felt med så avgrensa ressurstilgang som bibliotek.

Fylkeskommunane har blitt invitert inn i arbeidet med den nye bibliotekstrategien på line med Oslofjordbiblioteka, storbybiblioteka og forskjellige ideelle foreiningar. Det er urovekkjande at departementet marginaliserer samhandlinga med regionane i eit så sentralt arbeid.

Det er ønskeleg at storbyane skrivast inn og ikkje ut av regionane. I Bibliotekstrategien 2015-2018 heiter det om fylkesbiblioteka at dei særleg er «... til nytte for mindre kommuner». Det er ingen andre styringsdokument som heimlar ei slik oppfatning. Fylka sin planmynde omfattar også byane på line med andre kommunar. Bibliotekvesenet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategien bør bidra til å forsterke koplinga.

Under følgjer innspel til einskilde tema i strategien:

1.Digitalt innhald

Det bør vere eit mål at brukarane opplever Nasjonalbiblioteket sitt materiale som relevant og enkelt å nytte. Tenestene bør vere synlege i dei fysiske biblioteka og i bibliotekatalogane. Eit anna mål bør vere å betre tilgang til digitalt innhald i ulike format og medietypar og sikre større likskap i kva digitalt innhald det einskilde folkebiblioteket tilbyr.

Lisensstyring for norske e-bøker og administrasjon av innkjøp av e-bøker, er både tidkrevjande og uoversiktleg. Det bør drøftas om det er mogleg å få på plass ein nasjonal plattform for utlån av e-medium, som i Sverige, Danmark og Finland, eller ei ordning tilsvarande det som Unit har for alle universitets- og høgskulebibliotek.

Alle fylka organiserer konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker, og 11 abonnerer på PressReader. Nokre fylke abonnerer på andre digitale ressursar på vegne av folkebiblioteka. I 2017 brukte fylka nærare 1,8 mill. kr til e-medium. Fylkesbiblioteka har kunnskap om innkjøp og utlån av e-ressursar, som kan nyttast i arbeidet med nye avtalar med forlaga.

Strategien kan:

- gjere Nasjonalbiblioteket sine tenester og samlingar meir kjent og brukarvenlege
- sikre og avklåre folkebiblioteka sin tilgang på digitale ressursar
- få på plass avtale om e-lydbøker, utvikle avtalar for enklare lisensstyring for norske e-bøker og enklare administrasjon av innkjøp av e-bøker.
- utvide Bokhylla-avtalen for norske bøker og gå stegvis framover frå år 2000
- sørge for at informasjon om digital tilgang til NB's materiale (tidligere "Bokhylla") er lett tilgjengeleg og synleg for sluttbrukar
- klargjere forventningar til digitale ressursar på folke- og skulebibliotek
- opne for eit tettare samarbeid mellom folkebiblioteksektoren og fag- og forskingsbiblioteka
- avklåre korleis stat- og fylke kan arbeide saman om å sikre tilgang til digitalt innhald

2. Felles infrastruktur

Biblioteknettverket

Medan utviklinga dei siste åra har gått på å oppfylle den første delen av føremålsparagrafen i folkebiblioteklova ved å styrkje det enkelte folkebiblioteket som uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt, og som kommunal ressurs, står det nasjonale biblioteknettverket i fare for å bli svekka. Strategien bør styrke dette nettverket.

Biblioteksøk

Det bør være eit mål å ferdigstille Biblioteksøk som hovudinngangen til samlingane i norske bibliotek. Det må takast omsyn til både kvalitet, fjernlånsvegar og transportordningar. Fjernlån

10 fylkesbibliotek driv fjernlån frå eiga samling eller betaler folkebibliotek for å administrere fjernlån. I 2017 fekk dei 6 fylkesbiblioteka som driv eige fjernlån, nærare 52 000 bestillingar. Akershus sto for 52,6% av dette.

Fylkeskommunane nytta 7,9 mill. kr til transport i 2017. I samband med regionreforma blir det nye anbudsrundar om transport mellom bibliotek og det er ein fare for at ordningane kan bli så kostbare at det blir problematisk for fylkeskommunane å vidareføre dei.

Det er ei utfordring å utjamne forskjellane mellom dei som har og ikkje har bibliotektransport. Fjernlån frå sør til Nord-Noreg fungerer dårleg fordi transport mellom landsdelane tek veldig lang tid. Det bør vere eit nasjonalt mål å sikre gode tilbud til publikum, frå alle bibliotek, både store og små einingar og eventuelt innføre ordning for å utjamne forskjellar i transportkostnader. Det bør gis enkel tilgang til fjernlån av digitalt materiale i folkebiblioteka

Nasjonalt lånekort

Strategien bør sikre at nasjonalt lånekort er enkelt å opprette, sikkert, oppdatert og gir tilgang til alle biblioteka i landet. Det bør vere integrert i det nasjonale id-kortet. Nasjonalt lånekort bør vere inngangen til felles digitale tenester og ressursar.

Metadata

Det bør vere eit mål i strategien at metadata blir distribuert til biblioteka uavhengig av leverandør. Vidareutvikling av autoritetsregister er ei viktig nasjonal oppgåve som bør halde fram. Det bør opprettast eit nasjonalt ID-register på utgivingar og ein nasjonal metadatabrønn som dei ulike biblioteksystema kan nytte.

Biblioteksystem

Innkjøp av biblioteksystem og anna bibliotekspesifikk programvare er krevjande for små og mellomstore bibliotek, og ønsket om eit nasjonalt biblioteksystem blir lufta med jamne mellomrom. Behovet kan

illustrerast med at Stavanger, Bergen, Trondheim og Kristiansand har gått til felles anskaffing av system, og folke- og skulebiblioteka i Rogaland er i ferd med å få felles system.

Ein ny strategi bør opne for nasjonale løysningar, eventuelt basert på konsortie-modellar. Oria i Noreg og det felles biblioteksystemet i Danmark viser at det er mogleg.

Opne løysingar

Statlege institusjonar i Noreg og fleire andre land rår til bruk av opne standardar og fri programvare, spesielt for å unngå at innbyggerane må betale for tilgang til offentleg informasjon. Fri programvare sikrar at alle kan nytte seg av programvaren og bidra til å forbetre den.

Biblioteka har behov for nettsider med fleksibel plattform og designtilpassing for å kunne møte endring i publikums medievaner. Mange bibliotek nyttar nettløysningar basert på fri programvare, over 100 nyttar Webløft og samarbeider om vidare utvikling av løysninga. Lokale løysningar blir knytt saman i ein geografisk uavhengig infrastruktur, som kan nyttast til "dugnad" på innhald, tenester og kompetanse. Strategien bør ta inn over seg denne muligheita.

Statistikk

Effektiv styring av bibliotek føreset fornuftig måling av relevante resultat. Den nasjonale statistikken har blitt oppdatert, men har framleis eit unytta potensiale som styringsverktøy på alle nivå. Tidleg innlevering må til for at biblioteka kan nytte statistikk i planlegging og politikkuforming. Strategien bør sørge for betre tilgang og presentasjon av innsamla statistikk.

Norsk bibliotekindeks (<https://www.norskbibliotekindeks.no/>) er eit verdifullt tilskot som kan utviklast vidare og danne modell for andre tenester.

Rapportering på skulebibliotek bør flyttast frå Nasjonalbiblioteket til Utdanningsdirektoratet.

Felles tenester

Ut av delemarknaden og spleiselag mellom bibliotek, veks det fram tiltak som er så viktige eller har så stor kostnad, at det er naturleg at det blir gjort til ei nasjonal teneste. Nasjonalbiblioteket har til no ikkje tatt ansvar for slike tenester. I strategien bør det takast høgde for at enkelte tenester som er utvikla ved bruk prosjektmidlar eller på annan måte, bør bli ei nasjonal teneste som kan nyttast av alle bibliotek.

3. Skulebibliotek/barn og unge

Det bør vere eit mål at alle barn i Noreg har tilgang til litteratur og informasjon i ei form som vekker nysgjerrigheit og stimulerer intellektuell utvikling og kritisk tenking. Strategien må sjå heilskapen i bibliotektilbodet frå småbarn – grunnskule – vidaregåande skule – høgre utdanning.

Tilgjenge til bibliotektenester kan aukast gjennom samarbeid. Folkebiblioteka har dei siste åra gjort eit stort arbeid med å stimulere til lesing for barn og unge. Dette må vidareutviklast i samarbeid med skular, barnehagar og dei mange institusjonane og organisasjonane som driv med litteraturformidling. Målretta formidling og tidleg innsats er grunnleggande. Folkebiblioteka må vere gode møteplassar med barneavdelingar som er trygge, innbydande og som stimulerer barn på deira nivå.

Utvikling av skulebibliotek må vere forankra i skulesektoren. Deling av ansvar mellom utdannings- og kultursektoren må vere tydeleg på alle forvaltningsnivå.

Åtte fylkesbibliotek har klassesettsamlingar som blir lånt ut til grunnskulane i fylket. I 2017 vart det lånt ut vel 51 000 bøker. I tillegg kjem utlån frå mobile einingar, som stort sett har utlån til barn.

Fylkeskommunen kan bidra med planlegging, utviklingsprosjekt, kompetanseutvikling, program for lesestimulering og litteraturforsyning (klassesett).

Strategien kan:

- vurdere ein nasjonal lesestrategi og biblioteka si rolle i denne
- legge til rette for spesialisering og modellar innan lesestimulering
- klargjere ansvaret for skulebiblioteka på kvart forvaltningsnivå og utfordre kommunane til å planfeste kva mål og ambisjonar dei har for folke- og skulebiblioteka sine.

- legge til rette for at skulebibliotek kjem inn på læreplanane i lærarutdanninga.
- utforme kvalitetskriterium for tilbod til barn og unge på folke- og skulebibliotekområdet
- stimulere skulane til å samarbeide tettare med folkebiblioteket
- styrkje kompetansen både blant studentar, lærarar og bibliotektilsette
- utvikle nasjonal bibliotekstrategi for førskulebarn
- sikre tilgang til e-lydbøker og e-bøker til barn- og unge
- spele bibliotektilbud til barn og unge inn som eige tema i den komande delmeldinga om kultur for barn og unge

4. Aktiv formidling

Fylkesbiblioteka har kompetanse til å arbeide med digital formidling og digitalt innhald som kan nyttast av folke- og skulebibliotek. Strategien bør gi digitale formidlingsformer ein plass

Gjennom tilbod om turnear, t.d. i samband med Bokåret 2019, tilbyr fylkesbiblioteka arrangement i folkebiblioteka.

Alle fylkeskommunane arbeider med lesing og lesekampanjar, som f.eks. Sommarles, Bok til alle, Les for svingende. Store ressursar blir sett inn på å engasjere kommunale bibliotek i ulike kampanjar. Nasjonale lesekampanjar eller formidlingsprogram av litteratur nasjonale lesekampanjar bør verdsetjast i samarbeid med fylkeskommunane

I 2017 hadde fylkesbiblioteka 703 dagar med kurs og rådgiving i formidling og 26 dagar med informasjonskompetanse som tema. I strategien bør det leggst til rette for kompetanseheving innan litteraturformidling, arrangørverksemd og turneplanlegging.

Fylkeskommunane driv oppsøkande bibliotekverksemd ved å støtte prosjekt i kommunane og mobil bibliotekverksemd. Strategien bør støtte utvikling av ulike mobile bibliotektenester og ulike former for oppsøkjande bibliotektenester.

5. Kompetanseutvikling

Som vist over, er driv fylkeskommunane med eit omfattande kompetansearbeid. I 2017 deltok meir enn 10 000 bibliotektilsette på kompetansehevande tiltak i regi av fylkesbiblioteka. Hovudsakleg er det kurs utan studiepeng, men i 2019 samarbeider vi med OsloMet om eit nettbasert studium om barn, bibliotek og medier. Nasjonalbiblioteket har støtta utvikling av kurset, fylkesbiblioteka står for prosjektleiing og dekker utgifter til fysiske samlingar. Dette er eit modell ein kan nytte til ei vidare satsing på kompetanseutvikling.

Dei kommunale biblioteksjefane er nøkkelpersonar for å utvikle gode folkebibliotek. Alle bør får tilbod om å utvikle seg som leiar på sitt fagfelt. Dette tilbodet blir ikkje gitt på kommunalt nivå, men krev samordna innsats frå alle tre forvaltningsnivå.

Eit eksempel på eit fruktbart samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og fylkesbiblioteka er e-læringsportalen på bibliotekutvikling.no. Denne bør vidareutviklast i samarbeid med fylkesbiblioteka

Strategien bør utvikle ein nasjonal strategi på etter- og vidareutdanning av bibliotektilsette. Dessutan bør det initierast til forskning på bibliotekfeltet i samarbeid med aktuelle utdanningsinstitusjonar.

6. Utviklingsarbeid

Fylkeskommunane driv eit betydeleg utviklingsarbeid som omfattar alle kommunale bibliotek.

Vårt lovpålagte oppdrag er unikt, inneber utstrekkt samordning og koordinering av offentleg innsats, og må takast omsyn til av statlege organ, jf Meld. St. 6 (2018–2019) Oppgaver til nye regioner. Fylkeskommunane fekk ein betydeleg del av prosjektmidlane som vart løyvde til gjennomføring av Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. I 2017 løyvde fylka 3,9 mill. kr i prosjektstøtte til eigne kommunar.

Stat og fylkeskommunar må samarbeide ved fordeling av utviklingsmidlar, slik at desse blir forvalta i samsvar med vedtekne regionale planar og pågåande planprosessar. Det er naudsynt at statlege fellestenester og felles nasjonale program blir utvikla i samarbeid med det feltet som skal nytte tenestene, slik at dei passar til eksisterande infrastruktur og behov.

Den nye nasjonale bibliotekstrategien bør sikre utviklingsmidlar til folkebiblioteksektoren og etablere fast samarbeid med fylkeskommunen om bruk av utviklingsmidlar.

